

## **Referat FAU-møte Bryne skule**

**Tid:** Måndag 05.02.24 kl.19.00-20.30

**Stad:** Bryne skule, møterom

**Til stades:** Jone Siqveland, Kay Even Siqveland, Marit Lothe, Stig Jespersen, Jarl Ove Frivold, Lina Bryne Larsen og Roy Flataukan Hustoft. Fråverande: Toril Øgreid

**Sakar:**

### **2/24 Foreldremøte vår - dato og innhald**

Blei einige på sist møte om å la det modnast litt og høyre med klassekontaktar og lærerar om forslag til tema. Ikkje særleg respons, utanom fokus på inkludering og anti-mobbeprosjekt. Dette er eit tema som skal bakast inn i fleire prosjekt på skulen i vår. Det vart semje om å ikkje arrangera foreldremøte i regi av FAU i vår, men heller ta opp tråden igjen til hausten i samband med dei ordinære foreldremøta.

### **8/24 Informasjon fra rektor**

#### **Nasjonale prøvar**

FAU gav på sist møte uttrykk for uro over for resultatet av nasjonale prøver som vart presentert rundt årsskifte. 5.trinn viste særdeles dårleg resultat samanlikna med gjennomsnittet. FAU ønska ei drøfting av årsaker og tiltak i lys av dette, og me blei einige om å vente til februar møte for at rektor skulle få litt meir oversikt.

Resultata av nasjonale prøvar vert sett opp mot gjennomsnittet som er på 50, På Bryne er det særleg i lesing kor resultatet avvik mest frå gjennomsnittet med 46 poeng. I rekning ligg dei på 48. Samstundes er det mindre skilnad mellom kjønna på Bryne samanlikna med nasjonalt plan. I rekning er kjønna omtrent like, mens jentene er noko sterkare i lesing samanlikna med gutane, men likevel mindre en gjennomsnittet.

Det har vore fleire møter både innad på skulen, og på kommunalt plan for å drøfte resultata. Ein så stor skule som Bryne skule bør liggje på gjennomsnittet. Men fleire medverkande faktorar kan spela ei rolle i årsaksforklaringa. Her kan nemnast kompleksiteten med å vera ein byskule, stabilitet og organisatoriske forhold, andel framandspråklige, behov for spes.ped og et større antal elevar som er under særskilt oppfølgingsområde, samt tilgang på gode verktøy for leseopplæring. Det er også ein påfallande høg andel av elevane som ligg på nivå 1 i lesing, 42%, samanlikna med 29% av 5.klassingane i Time kommune.

Skulen er no i fasen med å setje i gang tiltak for å få auka lesekompetansen. Dei meiner det er viktig å halde fast på rammer og struktur for å ha fokus på leseopplæringa til einkvar tid. Det brukast aktivt fleire ulike leseprogram som mellom anna «På sporet», «Aski-Raski» og «Relemo». Det er i dag eit godt tilbod av leseprogram for småtrinnet, men dårlegare utval på mellomtrinnet. Det er ein plan å starta eit nytt prosjekt med «klasselesekurs» kor det brukast tekstar som ligg over flytsona, og som har formål å heve nivået.

Samstundes skal ein også ta med at Bryne Skule ligg høgare med andel tilførte midlar for sped.ped, er den skulen som får aller mest i kommunen

FAU opplev situasjonen som pågåande bekymringsverdig, og ynskjer å følgje saka opp i kommande møter

### Resultat av elev- og foreldreundersøkinga

134 svar av foreldre (av 478 moglege = 28% svarandel)

Resultata viser generelt at foreldre og elevar er godt nøgde med skulen, undervisning og trivsel.

Det er nokre få punkt som får lågare poengscore. Det gjeld at det at barnet i mindre grad får vera med å evaluera eige arbeid, at dei her lite påverknad på elevdemokrati og skulekvardagen, og at foreldremøta opplevast som lite nyttige. Mykje av informasjon på møta er gjentakande og ikkje tilpassa trinna. Det er viktig å gje ei kjensle av å verta høyrte og at ein kan ha medverknad på elevane sin kvardag, og at det er fokus på samhald og lagbyggjing.

Når det gjeld trivsel og mobbing, er det berre resultat frå mellomtrinnet. Der ligg 5.trinn under 10%, På 6.trinn er ikkje resultatet offentleg, mens på 7.trinn er det 13% av elevane som seiar dei opplev mobbing. Her kjem skulen sitt ønske om å setje fokus på språkbruk og inkludering i form av prosjektet «på lag rundt eleven».

SU-møte torsdag 15.februar

Det har ikkje blitt innkalla til KFU på lenge. FAU vil ta kontakt med Pamela Sudmann for å høyre om det er en plan på det.

Elles er leiinga godt i gang med rekruttering av nye tilsette til hausten, og dei har ei god og kvalifisert søkjargruppe, så rektor er trygg på det vart ei godt utfall av prosessen.

### **9/24 Elevkveld gjennomføring**

Påminnelse til klassekontakter – Spør etter musikkansvarlig

Sjekka at alt er tilstades i gymsal. Høytalere/diskokule er klar til å kobla på.

Vakter: Lysbryter, ytterdør, kiosken, musikk, kø på trampolinen, fotball, flytperson i garderoben. Dei andre er flytvaktar som går rundt i bygget.

Rosseland kjem og vil stille med vaksne. Hognestad kommer med 8 elever og ein vaksen.

Foreldre er med og rydder etterpå. Hugs å tømme boss

### **12/24 Eventuelt**

- Etterlyser plan for at foreldre- og elevmedverknad ikkje lenger er lovpålagt frå 1.august

- Ein har rett til å ha elevråd, men kan organiserast på en annan måte (eks. Skuleråd)
- Dette er ein sak me drøftar med rektor seinare i vår

Neste FAU-møte **måndag 04.03.24 kl.19-20.30** møterom, Bryne skule

**Sakar til neste FAU-møte:**

**10/24 17.maipplanlegging**

**11/24 7.klassefest**

Referent: Marit Lothe